

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/6603-2

Innstillingsnemnd til klima- og miljøpris 2018 **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet vel desse tre medlemane – frå eige utval, der ein vert leiar, og ein vert varamedlem, til innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen:

Leiar:

.....

.....

Vara:.....

2. Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.
3. Nemnda er valt for 2018 og 2019.
4. Retningslinene for tildeling av klima- og miljøprisen vert vedtatt slik dei ligg føre i saksframstillinga.
5. Fylkesutvalet gjer vedtak om kven som får tildelt prisen.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Regional plan for klimaomstilling blei vedtatt i fylkestinget i juni 2018, FT-sak 26/18. I handlingsprogrammet er det vedtatt å etablere ein fylkesdekkande klima- og miljøpris (tiltak 14). Tiltaket skisserer at det er ei innstillingsnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til klima- og miljøprisen.

2. Om klima- og miljøprisen

Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og/eller verksemder som har utmerka seg innanfor klima og miljøvernarbeid i året som gjekk, eller har vist god innsats over tid. Prisen femner breitt. Føremålet med prisen er å inspirere og hjelpe fram klima- og miljøarbeidet i fylket. Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane, og motivere til vidare innsats. Klima- og miljøprisen er ein gåvesjekk på 50 000 kr og eit diplom.

Fylkesrådmannen meiner at utdelinga av klimaprisen bør skje i fyrste fylkesting våren 2019, for å gi nominasjonen mest mogeleg tid, og for å gi handsaminga av dei nominerte i innstillingsnemnda tid for grundig vurdering. Dette vil vere fyrste og siste klimapris i fylket Sogn og Fjordane, før vi vert Vestland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har ein godt etablert miljøpris, som blei etablerte i 1992, og ved samanslåing med Hordaland fylkeskommune vil det vere naturleg å utforme ein felles pris.

Retningslinjene til Hordaland er slik:

Informasjon om Hordaland fylkeskommune sin miljøpris:

Hordaland fylkeskommune har ein tilsvarande pris, ein godt etablert miljøpris. Denne blei etablert i 1992 og frå statuttane for miljøprisen heiter det «Prisen skal vere til heider og stimulans for enkeltpersoner, lag og organisasjonar, bedrifter m.v. som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.». Miljøprisen er ein gåvesjekk på kr 50.000,-.

Dei tre siste utdelingane i Hordaland fylkeskommune:

2017: Mette Nygård Havre (Grønne Verdier) og Kristine Ulleland (Zero Waste Norge AS) og deira arbeid for at Hordaland og resten av landet har fått opp auge for matsvinn og unødvendig forbruk av ressursar.

2016: Kenneth Bruvik, eldsjela som starta aksjonen «Frå vik til vik – Rein kyst» etter at kvalen med magen full av plast stranda på Sotra. Aksjonen sette i gang strandrydding og retta søkelyset på marin forsøpling.

2015: Norsk Klimastiftelse, for å heve kunnskapsnivået i klimadebatten og få til dialog mellom fagmiljø og ålmenta.

3. Søknad og handsaming

Prisen vert annonsert i aviser i fylket, på www.sfj.no og sosiale medier. Nominasjon skjer gjennom postmottak, eller via digitalt skjema på www.sfj.no. I vedtatt handlingsprogram for Regional plan for klimaomstilling blei det skissert ein nominasjonsfrist 1. november 2018, med utdeling av klimapris i fylkestinget i desember. Fylkesrådmann har vurdert at nominasjonsfristen bør setjast til utgangen av året prisen gjeld for. Nominasjonsfrist for 2018 vert difor føreslått til 31. desember 2018. Utdelinga for klimaprisen frå 2018 vil då skje på første fylkesting påfølgjande år. Dette gir god tid til nominasjonsprosessen og arbeidet til innstillingsnemnda i handsaming av innkomne nominasjonar. Då dette vil vere fyrste og siste klimapris i fylket, er difor greitt å setje av god tid til prosessen for å sikre seg gode nominerte og prosessar kring innstilling.

Innstillingsnemnda skal gå gjennom dei innkomne framlegga og vurdere dei. Nemnda kan også ta inn andre kandidatar til vurdering, t.d. kandidatar som nemnda sjølv ønskjer å fremje. Hos fylkesrådmannen vil plansjefen sin klimakoordinator vere sekretær for nemnda.

Innstillingsnemnda sitt framlegg skal leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

4. Oppnemning av innstillingsnemnd

Ihht Regional plan for klimaomstilling (handlingsprogram) skal ein representant frå Ungdoms-politisk utval inviterast med i innstillingsnemnda.

Fylkesrådmannen har teke utgangspunkt i rutinar frå fylkeskulturprisen, då erfaringane med denne er god. Der har innstillingsnemnda fungert i periodar av 2 år. Innstillingsnemnda har vore sett saman av 3 utvalsmedlemmar med ein vara.

Fylkesrådmannen tilrår difor at utvalet vert satt saman av tre medlemmer frå fylkesutvalet, eit varamedlem, samt at ein representant frå Ungdomspolitisk utval. Ungdomspolitisk utval avgjer sjølve kven som deltek.

5. Retningslinjer for klima- og miljøprisen

Fylkesrådmannen rår til at retningslinjene vert vedtatt slik dei ligg føre:

Retningslinjer for tildeling av klima- og miljøprisen i Sogn og Fjordane.

Formål

Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og verksemder som har utmerka seg innanfor klima- og miljøvernarbeid i året som gjekk, eller har vist god innsats over tid. Prisen skal femne breitt. Sogn og Fjordane fylkeskommune kan kvart år dele ut ein klima og miljøpris på 50 000 kr.

Føremålet med prisen er å inspirere og hjelpe fram klimaarbeidet i fylket.

Klima- og miljøprisen kan gjevast til personar, verksemder, lag og organisasjonar som:

- høyrer heime i fylket.
- viser evne og vilje til å yte aktiv klima- og miljøinnsats ut over det vanlege.
- har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane, og motivere til vidare innsats.

Søknad og handsaming

Ei innstillingsnemnd utpeika av fylkesutvalet, og ein representant utpeika av ungdomspolitisk utval vurderer og innstiller kandidat(ar) til klima- og miljøprisen. Det er opp til utvalet om dei vil fremje eigne kandidatar eller velje mellom dei innkomne framlegga. Fylkesrådmannen vil halde sekretariat for nemnda.

Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den, basert på innspel på kandidat/ar frå innstillingsnemnda. Dersom klima- og miljøprisen vert delt ut til fleire personar skal prissummen fordelast på mottakarane. Dersom prisen vert delt ut til ein person som gjennom sitt arbeid i eit lag eller organisasjon blir heidra, skal premiesummen tildelast organisasjonen.

Tildelinga av klima- og miljøprisen vert offentleggjort når fylkesutvalet har gjort vedtaket sitt. Nominasjonsfrist vert ved utgangen av året prisen gjeld for. Utdelinga skjer i samband med første tingsetet påfølgjande år. Grunngevinga frå fylkesutvalet vert presentert av fylkesordføraren, som også står for sjølve utdelinga.

I 2018 er fristen sett til 31. desember. Nominasjon skjer gjennom post til postmottak eller via eige skjema på nettsidene til fylkeskommunen.

6. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet nemner opp ei innstillingsnemnd som blir valt for to år, og vedtek retningslinjene slik dei ligg føre. Nemnda består av 4 medlemmer, tre personar, inkl. ein vara, oppnemnd av og frå fylkesutvalet og ein representant oppnemnd av ungdomspolitisk utval. Nemnda skal legge fram grunnjevne forslag til kandidat/ar til klima- og miljøprisen til fylkesutvalet. Fylkesutvalt avgjer kven som får klimaprisen, og utdelinga skjer fyrste fylkesting etter vedtak.